

TAXI 1 AS
Postboks 2420 Drotningstovik
5834 BERGEN

Dato: 22.05.2018
Vår ref.: 2015/2797-28
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Vedrørende vedtak om midlertidig dispensasjon frå vilkår om rullestoltransport - avslag på søknad om permanent endring av vilkår

I brev av 27.04.2018 kommenterer Taxi 1 vedtak om midlertidig dispensasjon av 16.04.2018 og krev at søknad om endring av vilkår om storleik på rullestolløyva, såkalla nedklassing, vert innvilga.

Midlertidig dispensasjon

Då selskapet fekk konsesjon i 2004, fastsette fylkesutvalet at Taxi 1 skal ha 10 stk. rullestolløyve,. Det er ikkje fastsett konkret nummerrekke på rullestolløyva i Taxi 1. Den 09.03.2018 søkte Taxi 1 om midlertidig dispensasjon frå vilkår om rullestoltransport på 8 stk. løyve slik: «*Taxi 1 har 2 stk. rullestolløyve i drift og søker om midlertidig dispensasjon frå kravet om rullestol for 8 stk. løyve.*»

Slik midlertidig dispensasjon frå vilkår om rullestoltransport har løyvestyresmakta gitt 16.04.2018. Dispensasjonen gjeld 8 stk. løyve utan spesifisert løyvenummer. Den midlertidige dispensasjonen er ikkje knytt til dei konkrete løyva som er omfatta av tilbakekallingssaka, og er ingen dispensasjon til vidare drift av løyve som er kalla tilbake.

Taxi 1 opplyste i brev 09.03.2018 at selskapet ikkje ville endra vilkår på løyva R-5004 og R-5011 som selskapet i dag har registrert storbilar på. Den midlertidige dispensasjonen gjev derfor Taxi 1 høve til å drifta løyveporteføljen med berre 2 rullestolbilar i dispensasjonsperioden, men sentralen har sjølv sagt høve til å nytta fleire rullestolbilar. Det skal vera samsvar mellom bil og løyvedokument, og selskapet har sjølv ansvar å sjå til at berre korrekt løyvedokument vert nytta.

Avslag på søknad om permanent endring av vilkår/nedklassing

I brev av 27.04.2018 krev Taxi 1 at det vert fatta vedtak om permanent nedklassing, og selskapet varslar erstatningskrav dersom søknad om nedklassing ikkje vert innvilga.

Det er uklårt på kva grunnlag Taxi 1 vil krevja erstatning. Selskapet sin rullestolkapasitet er fastsett av fylkesutvalet. Taxi 1 har avvika rullestolkapasiteten utan samtykke frå løyvestyresmakta. Selskapet har sjølv ansvaret for og må bera kostnadene ved å oppfylla dei vilkåra som gjeld.

Taxi 1 fekk i 2014 nedklassa 5 rullestolløyve til storleik 9 sete med plass til 1 rullestol. Etter dette er den totale rullestolkapasiteten som Taxi 1 skal ha 5 stk. rullestolbilar i storleiken 10-17 sete og 5 stk. rullestolbilar i storleiken inntil 9 sete. Utover dette kan Taxi 1 sjølv bestemma om selskapet ønskjer å ha fleire rullestolbilar.

Løyvestyresmakta legg til grunn at det Taxi 1 faktisk søkjer om, er nedklassing av 5 løyve frå vilkår om storleik 10-17 sete med plass til inntil 3 rullestolar, til vilkår om inntil 9 med plass til 1 rullestol.

Taxi 1 har ein stabil løyveportefølje. Med dei særskilte driftsfordelar som Taxi 1 har ved å vera både sentral og løyvehavar for eit stort tal løyve, finn løyvestyresmakta at det er rimeleg at selskapet opprettheld rullestolkapasiteten med 5 stk. løyve med vilkår inntil 9 sete og plass til 1 rullestol og 5 stk. løyve med vilkår 10-17 sete med inntil 3 rullestolar.

Løyvehavar har sjølv eit ansvar for å marknadsføra tenestene sine. Løyvestyresmakta er kjent med at det er god drift på storbilløyva i Bergen køyreområde, og Pasientreiser etterlyser fleire bilar i denne storleiken.

Løyvestyresmakta har allereie strekt seg langt ved å nedklassa 5 av rullestolløyva i 2014, og ved å gje Taxi 1 midlertidig dispensasjon frå krav om rullestol på 8 stk løyve ut 2019. Taxi 1 har fått god tid til å innretta seg, etter at selskapet utan samtykke har bygd ned rullestolkapasiteten sin.

På denne bakgrunn fattar løyvestyresmakta slikt

Vedtaket:

Søknad frå Taxi 1 om endring av vilkår/nedklassing av 5 stk. løyve med vilkår 10-17 sete vert avslått.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket til Klagenemnda innan ein frist på 3 veker etter at ein fekk melding om vedtaket. Klaga skal sendast til fylkesdirektør samferdsel. Følgjene av ei eventuell klage, kan verta at vedtaket vert endra.

Etter forvaltingslova § 27 b kan søksmål om vedtaket er lovleg eller krav om erstatning som følgje av eit slikt vedtak ikkje reisast før parten har nytta høve til å påklage vedtaket.

Med heimel i forvaltningslova §18 jfr § 19 har part – med visse unntak – rett til innsyn i dokumenta i saka. Ein må i så tilfelle vende seg til samferdselsavdelinga.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.